

**SOGN CYKLEKLUBB**

**Referat:** Styremøte  
**Tid og stad:** Tysdag 06.04.2017  
**Til stades:** Cathrine Stigen Bøen, Erik Sannebro, Sondre Teigen Lillebostad, Stig Vattekar, Trond Sekse  
**Forfall:** -  
**Kopi til:** Hilde Asperheim, Oddne Skrede  
  
**Referent:** Trond Sekse

| Saksnr:        | Sak:  | Ansvar/frist: |
|----------------|---|---------------|
| 2017-04-06 / 1 | <b>Konstituere nytt styre</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Leiar: Catherine</li><li>• Kasserar: Stig</li><li>• Sekretær: Trond</li><li>• Styremedlemmer: Erik og Sondre</li><li>• Lager og utstyr: Erik</li><li>• Sportslege arrangement: Sondre</li></ul> <p>Knut Kjærvik (avtroppande sekretær) deltok ved starten av møtet og orienterte om elektronisk løysingar som er nytta i klubben, og som må vidareførast i nytt styre.</p> <p>Ansvar for elektroniske løysingar vart deretter fordelt slik:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Facebook og nettside: Stig og Trond</li><li>• E-post: Catherine</li><li>• Klubbadmin, Sportsadmin, EQ Timing: Catherine,</li><li>• Dropbox: ?</li><li>• Altinn: Catherine</li></ul> | -             |
| 2017-04-06 / 2 | <b>Protokoll, årsberetning og regnskap</b> <p>Protokoll, årsberetning og rekneskap frå årsmøtet vart signert.</p>   |               |
| 2017-04-06 / 3 | <b>Medlemsregister</b> <p>For å tilfredsstillere krav om medlemsregistersystem vil Sogn Ck bruke Klubbadmin som digitalt medlemsregister. Dette vil lette rapportering, innbetaling av medlemsavgift m.v. Klubbadmin er laga av idrettsforbundet, er gratis og er integrert med øvrige sentrale system innan idretten. Medlemmene vert via facebookside oppmoda om innbetaling av medlemsavgift, samt melde inn opplysningar om namn, adresse, fødselsdato, adresse og e-postadresse.</p>   | Cathrine      |
| 2017-04-06 / 4 | <b>Ungdomsstipend</b>   |               |



|                |   |  |
|----------------|---|--|
|                | <p>Informasjon om stipendordning for unge syklistar ligg på nettsida. Satsane på støtte vil frå og med 2017 verte endra slik:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ungdom 11-14 år: kan verte støtta med inntil kr. 5.000,-</li> <li>• Ungdom 15-16 år: kan verte støtta med inntil kr. 10.000,-</li> <li>• Junior/U23: kan verte støtta med inntil kr. 20.000,-</li> </ul> <p>Søknader vert vurdert av styret i Sogn CK.<br/>Innvilga stipend vert utbetalt ved sesongslutt.<br/>Søknadsfrist vert endra til <b>1. oktober</b> kvart år. Søkarar må då gjennom sesongen ha tilfredsstilt dei krava som er sett til dei som kan få stipend.</p> <p>Aktive utøvarar <b>eldre enn U23-nivå</b> og som satsar på høgt nivå, vil og kunne søke om stipend på inntil kr. 20.000,-.</p> <p>Nytt søknadsskjema for stipend må leggjast ut på nettsida.</p> | <p>Trond</p> <p>Catherine</p>                    |
| 2017-04-06 / 5 | <p><b>Refusjon av utlegg ved deltaking i ritt</b></p> <p>Klubben har ei ordning for refusjon av utlegg til reiser/deltaking i ritt. Denne ordninga gjeld for ungdomssyklistar.<br/>På same måte som for stipendordninga vil det også her vere mogeleg for aktive utøvarar over U23-nivå å søke om refusjon.</p>   |  |
| 2017-04-06 / 6 | <p><b>Profilering av klubben i media</b></p> <p>Ønskjeleg med større mediadekning av Sogn CK, melom anna for å skape auka rekruttering.<br/>Kontakte Sogn Avis i samanheng med Tour des Fjords, Tour of Norway for Kids, lokale ritt, .... ?</p>  | Catherine  |
| 2017-04-06 / 7 | <p><b>Sportsleg plan</b></p> <p><b>Treningsplan</b> er lagt ut på Facebook.<br/>Viktig at treningsturar vert tilpassa deltakarane, gjerne med inndeling i mindre grupper på same nivå (spesielt på intervalltreningane).</p> <p>Ønskjeleg med fleire <b>klubbtritt/treningsritt</b>, ikkje minst for ungdomsryttarar. Dette kan vere uformelle, enkle arrangement. Målet bør vere å få til to slike ritt før sommaren og to etter sommaren (til</p>   | <p>Sondre/Stig</p> <p>Sondre/Stig/<br/>Trond</p> |



|                |   |           |
|----------------|---|-----------|
|                | dømes: tempo, rundbaneritt på idrettsbane, gateritt Kaupanger, fellesstart.....). Bør finne løyper som ikkje krev trafikkvakter. Annonsering på facebook ?  |           |
| 2017-04-06 / 8 | <p><b>Jotunheimen Rundt / Sognefjellsrittet.</b></p> <p>Det bør vurderast å legge inn Sognefjellsrittet på terminlista til NCF (berre JR har vore på terminlista til no). Dette vil kunne gje større deltaking på Sognefjellsrittet.</p> <p>Styret i Sogn CK er styringsgruppe for JR. Det er ønskeleg saman med rittleiar å sjå nærare på budsjett, kostnadsutvikling m.v. for rittet. Sponsorspørsmålet må og vurderast. Det er tidlegare bestemt at Sogn CK ikkje skal ha sponsoravtale/reklame på drakter, men at sponsoravtalar skal styrast mot JR. Kva er status på dette ?</p> <p>Styret tek initiativ til drøfting av ovannemnde tema med rittleiar (ifm. neste styremøte ?)</p> | Catherine |
|                |   |           |